

**Notat**Dato: 05.06.2018  
Arkivsak: 2018/10490-5  
Saksbehandlar: oysskar

---

**Til:** Sigrid Næsheim Bjercke  

---

**Frå:** Øystein Skår, Endre Sten Nilsen  

---

**Innspel kulturminne - Planprogram for Kommunedelplan for overvann – Bergen kommune - Høring**

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektormynde innan kulturminnevern.

Planen vil ikkje regulere areal, men gje overordna føringar og retningslinjer for planlegging av overvatn i Bergen kommune. Saka er oversendt Riksantikvaren, då dei som direktorat har ansvar og mynde for kulturminneomsyna i mellomalderbyen Bergen.

Klimaendringar som økt havnivå og økt nedbør gir ofte negative konsekvensar for kulturminne, både dei som ligg under bakken og dei som står over, og ei overordna plan for overvatn vil kunne vere med på å redusere skade og slitasje grunna vatn. I planleggingsfasen er det viktig å ta omsyn til kulturminne og sjå til at tiltak som det leggst opp til ikkje kjem i konflikt med kjende verneverdige eller freda kulturminne. Med omsyn til ukjende automatisk freda kulturminne vil det vere naudsynt å sende planlagde tiltak til Fylkeskonservatoren for å vurdere tilhøve til undersøkingsplikta jf. § 9 i kulturminnelova, og for å vurdere at tiltak ikkje kjem i konflikt med kulturminnelova § 3.

Riksantikvaren har gjeve fråsegn til saka i brev datert 01.06.2018. *Brevet er i sin heilhet lagt ved fylkeskommunen sitt fråsegn og må takast omsyn til i det vidare arbeidet med planen.* I det følgjande er berre eit kort utdrag av brevet teke med:

Riksantikvaren er fagmynde for kulturminnet «Middelalderbyen Bergen», Askeladden id nr. 89049. Området som er definert som mellomalderby, inkludert dei mellomalderske kulturlaga, er automatisk freda etter lov av 9. juni 1978 nr. 50 (kulturminnelova) § 4 første ledd pkt. a. Jf. kulturminnelova § 3 er eitkvart tiltak som direkte eller indirekte kan medføre fare for skade på automatisk freda kulturminne ulovleg med mindre det er innhenta dispensasjon etter kulturminnelova § 8. Riksantikvaren er rette mynde til å fatte eit slikt vedtak. Handtering av overvatn vil kunne medføre tiltak som krev dispensasjon etter kulturminnelova § 8.

Mange eldre bygningar i mellomalderbyene er fundamentert på setningsømfintleg grunn. I mange tilfelle er sjølve fundamenta også setningsømfintleg (tømmer som komprimerast/rotnar). Eldre bygg i byane står normalt i området kor det har vore menneskeleg aktivitet lenge. Under dagens overflate er det akkumulert tjukke lag med høgt innhald av organisk materiale, som bygningsrester av tømmer, treflis og avfall. Desse massane er spesielt sårbare for uttørking. Innhaldet av vatn varierer etter om kulturlaga ligg under grunnvatnsnivå (metta sone), i fluktuasjonssonen eller permanent over grunnvatnnivået (umetta sone). Handteringa av overvatn er av stor betydning for både grunnvatnsnivå og grad av vatninnehald i kulturlaga.

Avslutningsvis viser direktoratet til Norsk Standard, NS 9451:2009 «Kulturminner – Krav til miljøovervåking og – undersøkelse av kulturlag». Denne standarden gjør krav til miljøovervåking, og til dokumentasjon av bevaringsforhold og bevaringstilstand av kulturlaga i dei freda mellomalderbyane.

Vedlegg

1 Fråsegn frå Riksantikvaren